




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Delstrategi for kompetanse Tilbud i vidaregåande opplæring

Høyringsdokument 2025–2028




# Innhold

|   |          |
|---|----------|
| <b>Delstrategi for kompetanse Tilbod i vidaregåande opplæring</b>     | <b>1</b> |
| <b>Innleiing</b>  | <b>3</b> |
| Samfunnsoppdraget vårt  | 3        |
| Betre samanheng og retning i planverket                               | 4        |
| Om <i>Delstrategi for kompetanse. Tilbod i vidaregåande opplæring</i> | 4        |
| <b>Første prinsipp: Tilbod samfunnet treng</b>                        | <b>6</b> |
| Vi skal styrke kunnskapen om kva kompetanse samfunnet treng           | 6        |
| Vi skal sikre god balanse mellom yrkesfag og studieførebuande         | 7        |
| <b>Andre prinsipp: Tilbod elevane vil ha</b>                          | <b>7</b> |
| Tilbod for ungdom skal vere arbeidslivsrelevante                      | 7        |
| Vi skal ha fleksible tilbod for vaksne                                | 8        |
| Vi skal ha gode tilbod for minoritetsspråklege                        | 9        |
| <b>Tilbod som del av ansvarleg forvaltning</b>                        | <b>9</b> |
| Vi skal sikre god ressursutnytting                                    | 9        |
| Vi skal sikre gode overgangar   | 10       |

# Innleiing

## Samfunnsoppdraget vårt

Møre og Romsdal fylkeskommune er forplikta i ny opplæringslov §5-3 til å legge stor vekt på kva kompetansar samfunnet treng i dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet. Det store dilemmaet for strategiperioden er korleis ivareta samfunnet sitt behov samtidig som elevane sine ønsker blir ivaretatt.



Møre og Romsdal fylkeskommune vil i perioden arbeide for at flest mogleg elevar får oppfylt ønsket sitt så lenge det står i samsvar med behova i samfunnet. I tilfelle der det er konflikt mellom samfunnet sitt behov og elevane sine ønsker, så skal samfunnet sitt behov prioriterast.

Elevframskrivingane viser at dei neste to til tre åra er det forventa ein auke i elevtalet fram til 2027/2028 før vi ventar eit fall på rundt 1000 elevar fram mot 2035/2036. Samtidig er det høg busetting av minoritetsspråklege som kan gjer at elevtalet ikkje går ned slik framskrivinga viser. Enkelte næringar har stort behov for arbeidskraft, og det er ei trend med høg søking til yrkesfag. Desse premissane er førande for dimensjoneringa i strategiperioden. Tilbod som produserer relevant kompetanse til bransjar med stort behov for kompetanse, og som samtidig har god søking, skal prioriterast i strategiperioden.

[Her finn du elevframskrivingane.](#)

[Her finn du Estimert mangel på arbeidskraft fordelt på næringar i Møre og Romsdal, 2023.](#)

[Her finn du statistikkgrunnlag for søking til trinn 1 på yrkesfaglege utdanningsprogram og studieførebuande utdanningsprogram.](#)

## Betre samanheng og retning i planverket

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok i 2023 å gjere tidlegare Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring og Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring til delstrategiar for kompetanse. Delstrategiane er underordna Fylkesstrategi for kompetanse og skal bidra til å nå resultatmåla i denne. Fylkesstrategi for kompetanse er eit uttrykk for ein ny og heilskapleg kompetansepolitikk med mål å gjere det tydeleg korleis aktørar i Møre og Romsdal samarbeider om å sikre samfunns- og arbeidslivet kompetansane vi treng.

Delstrategiane får ikkje status som regionale planar etter plan- og bygningslova, og vil heller ikkje ha dei same krava knytt til politisk behandling og rapportering.

Delstrategi for kompetanse. Tilbod i vidaregåande opplæring skal gjelde frå 2026 til 2028, og skal opp til politisk behandling i september 2024. Saka som tilbodsstruktur, dei skolevise tabellane, blir sendt ut på høyring 14 juni 2024 og blir politisk behandla i november 2024. Saka om tilbodsstruktur vil følgje den strategiske retninga satt i Delstrategi for kompetanse. Tilbod i vidaregåande opplæring.

[Her finn du den nye opplæringslova \(lovdata.no\)](https://lovdata.no).

[Her finn du Fylkesstrategi for kompetanse \(framsikt\)](#).

## Om Delstrategi for kompetanse. Tilbod i vidaregåande opplæring

*Delstrategi for kompetanse. Tilbod i vidaregåande opplæring har tre prinsipp:*

- **Første prinsipp:** Tilbod samfunnet treng
- **Andre prinsipp:** Tilbod elevane vil ha
- **Tverrgående prinsipp:** Ansvarleg forvaltning

Prinsippa følger både *Fylkesstrategi for kompetanse* og opplæringslova. Vidare er det valt ut ei rekke handlingspunkt som avgjerande bidrag til dei tre resultatmåla i *Fylkesstrategi for kompetanse*. Desse er dei utvalde handlingspunkta og resultatmåla dei er knytte til:

### **Resultatmål for samarbeid**

Møre og Romsdal har etablert forpliktande samarbeid om kompetanse på tvers av bransjar, sektorar, forvaltningsnivå og utdanningsinstitusjonar.

#### **For å nå resultatmålet skal vidaregåande opplæring samarbeide særleg om:**

- å styrke kunnskap om kva kompetanse samfunnet treng
- fleksible og praksisretta tilbod
- å sikre gode overgangar frå grunnskole til vidaregåande
- gode tilbod for minoritetsspråklege

### **Resultatmål for arbeidslivet**

Møre og Romsdal har eit inkluderande arbeidsliv som legg til rette for livslang læring, og der fleire blir kvalifiserte i samsvar med behova til arbeidslivet.

#### **For å nå resultatmålet skal vidaregåande opplæring**

- utforme tilbod som kvalifiserer flest mogleg til arbeidslivet, uavhengig av alder, funksjonsevne, sosial bakgrunn, identitet eller etnisitet

### **Resultatmål for utdanningssystemet**

Møre og Romsdal har eit omstillingsdyktig og fleksibelt utdanningssystem.

#### **For å nå resultatmålet skal vidaregåande opplæring**

- styrke tilbod som sett kompetansebehova i samfunnet først
- utvikle praksisnære tilbod
- sikre god balanse mellom yrkesfag og studieførebuande
- oppgradere eksisterande tilbod

# Første prinsipp: Tilbod samfunnet treng

Fylkeskommunen må gjere tøffe prioriteringar for å styre dimensjoneringa slik at:

- A) tilbodsstrukturen prioriterer kompetansar samfunnet har behov for, og
- B) tilbodsstrukturen opnar for å auke plassar på godt søkte tilbod (tilbod som elevane vil ha).

Fylkeskommunen skal alltid tilby kompetanse samfunnet treng. Tilboda skal også:

1. kvalifisere flest mogleg, både ungdom og vaksne, til dei kompetansane samfunns- og arbeidslivet treng,
2. gi alle gode forutsetningar for å få læreplass og moglegheit til å fullføre og kvalifisere seg,
3. fremme samarbeid om tilbod i vidaregåande opplæring mellom fleire aktørar innanfor og utanfor vidaregåande opplæring.

## Vi skal styrke kunnskapen om kva kompetanse samfunnet treng

Fylkeskommunen skal utnytte eksisterande samarbeid med relevante aktørar i samfunns- og arbeidslivet til å hente inn og vidareutvikle kunnskap om kva kompetanse Møre og Romsdal treng. Slike aktørar kan vere samarbeidsorgan for lærebedrifter, lærebedrifter, bransjar med stort behov for arbeidskraft og institusjonar innan høgare utdanning. Målet er eit digitalt og opent tilgjengeleg *Kunnskapsgrunnlag for kompetanse* til bruk i dimensjoneringa av tilbod i vidaregåande opplæring.

[Her finn du noverande Kunnskapsgrunnlag for kompetanse \(kompetanse.mrfylke.no\).](https://kompetanse.mrfylke.no)

## **Vi skal sikre god balanse mellom yrkesfag og studieførebuande**

Møre og Romsdal skal så langt som mogleg sikre balansen mellom søkarar til trinn 1 på yrkesfagtilbod og studieførebuande tilbod.

Det er ei trend med høg søking til yrkesfag relativt til studieførebuande. Fordelinga av søkarar til yrkesfaglege utdanningsprogram og studieførebuande utdanningsprogram står ikkje i samsvar med behovet i samfunnet for kompetanse på alle nivå både innan høgare utdanning og yrkesfag. Fylkeskommunen skal iverksette tiltak for å styrke rettleiinga opp mot ungdomsskolane om overføringsverdien dei studieførebuande utdanningsprogramma har til høgare utdanning og vidare karriere.

## **Læreplassprognosen**

Fylkeskommunen vil teste ut Læreplassprognosen, utvikla av fylkeskommunane og det interkommunale selskapet Vigo IKS som eitt av verktøya for å styrke kunnskapen om kva kompetanse samfunnet treng. Målet er å innhente kunnskap om kva som er arbeidslivet sitt behov for lærlingar i Møre og Romsdal. Samarbeidsorgana for lærebedrifter og lærebedriftene melder inn tal på kor mange lærlingplassar som vil vere tilgjengeleg i åra framover. Hensikta er å sikre medverknad frå samarbeidsorgan for lærebedrifter og lærebedriftene i dimensjoneringa. Fleire vaksne vil få ei utvida rett til vidaregåande opplæring gjennom ny opplæringslov og Fullføringsreforma, og det vil bli behov for fleire læreplassar.

## **Andre prinsipp: Tilbod elevane vil ha**

### **Tilbod for ungdom skal vere arbeidslivsrelevante**

Møre og Romsdal skal ha studieførebuande og yrkesfaglege tilbod for ungdom som er praksisretta og relevant for arbeidslivet.

Fylkeskommunen skal samarbeide med arbeidslivet, samarbeidsorgan for lærebedrifter og lærebedrifter med å gjere tiltak for å gjer tilboda i vidaregåande opplæring meir praksisretta. Målet er at elevane skal kjenne godt til kva relevans kompetansen dei får i vidaregåande har for vidare utdanning og karriere. Tiltak som hospitering, bedriftsbesøk og delar av opplæringa på arbeidsplassen gjev elevane betre forutsetningar for å gjer informerte val til vidare opplæring, høgare utdanning eller karriere, og moglegheita til å byggje nettverk med potensielle arbeidsgivarar i fylket. Tiltaka skal motivere til:

- auka søking til tilbod som samfunnet har behov for
- auka oppmøte
- auka gjennomføring
- auka forståing blant elevar og rådgivarar i grunnskolen om kva betydning val av utdanningsprogram i vidaregåande har for vidare karriere og høgare yrkesfagleg utdanning eller høgare utdanning på universitet og høgskole.

## **Vi skal ha fleksible tilbod for vaksne**

Ny opplæringslov og Fullføringsreforma utvidar retten til vidaregåande opplæring for vaksne. Tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring for vaksne (VOV) skal vere klar for skoleåret 2025/2026. Vaksne med denne retten kan vil få tilbod om opplæring som fører fram til ein av tre sluttkompetansar dei har søkt på. Målet er å auke talet på vaksne med formell kompetanse for å hindre utanforskap og arbeidsløyse. Dette er i tråd med resultatmålet for arbeidslivet i Fylkesstrategi for kompetanse.

### **Møre og Romsdal skal gi fleksible tilbod for vaksne som:**

1. Fører til kompetanse samfunnet treng
2. Er tilpassa vaksenlivet slik at fleire har moglegheiter til å delta og gjennomføre, mellom anna ved å tilby fjernundervisning
3. Er eit supplement, ikkje ein konkurrent til tilbod for ungdom; vaksne skal ikkje konkurrere med ungdom om dei same plassane



## **Vi skal ha gode tilbud for minoritetsspråklege**

Fylkeskommunen skal gi alle minoritetsspråklege gode forutsetningar for å kunne følgje og fullføre den ordinære opplæringa i vidaregåande. Ny opplæringslov §6–5 stiller krav til at fylkeskommunen skal ha tilbud som sikrar tilstrekkeleg opplæring i norsk, og eventuelt morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring der det er nødvendig.

## **Tilbud som del av ansvarleg forvaltning**

### **Vi skal sikre god ressursutnytting**

Ressursane skal utnyttast på best mogleg måte slik at det kjem elevane som til ein kvar tid er i skolen til gode. Elevar i fylket skal få eit godt tilbud uavhengig av kva skole dei går på.

Det er to førande omsyn i arbeidet med god ressursutnytting:

- ein berekraftig skolestruktur og
- ein føreseieleg tilbodsstruktur.

Fylkeskommunen skal, som ledd i å sikre ein berekraftig skolestruktur og føreseieleg tilbodsstruktur, sørge for at skolane i regionane ikkje i for stor grad konkurrerer om elevane på dei same tilboda når elevtalet går ned. Dette vil sikre forutsigbarheit for elevar og tilsette i skolane.

### **Nye tilbud skal vere grunna i samfunnets behov**

Fylkeskommunen skal sørge for at nye tilbud er grunna i samfunnet sitt behov, økonomisk berekraftige og at dei er i tråd med måla i denne delstrategien. Det blir derfor stilt krav til at alle søknadar om nye tilbud skal innehalde ei behovsanalyse og ei risikoanalyse.

Fylkeskommunen oppmodar alle som ønsker å søke om oppretting av nye tilbud til å ta kontakt for dialog allereie i idefasen for rettleiing og rådgiving i prosessen.

Her finn du informasjon om krava til søknadar om oppretting av nye tilbod.

### **Kven kan søke?**

Alle som har interesse av vidaregåande opplæring, både offentleg forvaltning, skolar, samarbeidsorgan for lærebedrifter, lærebedrifter og andre i privat sektor kan søke om oppretting av nye tilbod.

## **Vi skal sikre gode overgangar**

Fylkeskommunen skal, etter krav i ny opplæringslov §9-5, samarbeide med kommunane om å sikre gode og trygge overgangar for alle elevar. Dette gjeld overgangane frå grunnskole til vidaregåande, og frå vidaregåande til opplæring bedrift. Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for å koordinere arbeidet. Omsynet til elevens beste skal vere førande for arbeidet om gode overgangar. Samarbeidet skal sikre:

- gode overgangar, avdekke og utbetre manglar,
- ein felles praksis mellom fylkeskommunen og kommunen,
- sikker informasjonsdeling mellom fylkeskommunalt og kommunalt nivå,
- redusert utanforskap, auka søking og deltaking



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---